



SJUR HAGA BRINGELAND
sjurhb@aol.com

KLASSISK MUSIKK



Komposisjonane på denne plata er begge resultat av at komponisten møtte ein framifrå klarinettist.

Melankolsk

Ei innspeling som får fram det særeigne ved klarinettkvintetten.



WOLFGANG AMADEUS MOZART, JOHANNES BRAHMS:

Clarinet Quintets

LEIF ARNE PEDERSEN, KLARINETT,
OSLO PHILHARMONIC CHAMBER
GROUP. LAWO 2010

Jamføringar: Mozart: Brüggen/Hoeprich/
Orchestra of the 18th Century (Philips
1988). Brahms: Paul Meyer/Capuçon Quar-
tet (Virgin 2007)

På denne fine CD-en presenterer fem av musikanerane til Oslo-filharmonien to av dei fremste verka i musikkitteraturen for klarinettkvintett, for klarinett og frie strykarar. Den varmt vibrerande klangen er fintfølande fraser og gjev kvart av stykka sin eigen ambiente: Wolfgang Amadeus Mozarts (1756–91) klarinettkvintett i A-dur, KV 501, læt mildt musserande som ein sørtysk sekt. Ingenting er overdrive og alt har melankolsk atterhald. Johannes Brahms' (1833–97) klarinettkvintett i h-moll, op. 115, er varm og mørk som ein fyldig austerrisk raudvin, men det melankolske er meir korpulent i framtoningen og fyller rommet med ein skarp ettersmak.

VEMODIG BASS

Det ligg dryge hundre år mellom verka. Både Mozart og Brahms syner uvanleg forståing for eigenarten til klarinetten, noko som ikkje er til å undrast over – begge var vener med instrumentalar som fullt ut rådde over dei tekniske mogleheitene som klarinetten har å by på.

Mozarts frimurarbror Anton Stadler (1753–1812) var mellom dei fyrste som rydda ein plass til klarinetten i den seriøse kunstmusikken, og blei lønt med musikk som har

blitt spela sidan.

Mozart veit å utnytta dei tekniske kapasitetane til klarinetten, men utan å falla i virtuoserifella, der effektane er til for effektane si skuld. Lytt berre til den fyrste temaeksposisjonen i opninga av fyrstesatsen *allegro*: Straks strykarane har gjort unna sin mjuke melodi, stig klarinetten varmsamt opp or botnen, utan å bryta av eller forstyrre strykar-klangen. Han balanserer perfekt med uttrykksregisteret til kvartetten, både i det vemodige bassregisteret og opp i den sylvklære, glade diskanten. I sistesatsen, *allegretto con variazione*, lèt Mozart derimot klarinetten bryta alle lenkjer, band og tvang – i sprelske utfall får klarinettisten til Oslo-filharmonien, Leif Arne Pedersen, bryna seg på strykarkollegaene sine.

VIDT OG LYST

Brahms' klarinettkvintett kom òg til i møtet med ein framstående virtuos. På 58-årsdagen skreiv han sitt testamente. «Eg har gjort nok», hevda han, «no er det på tide at ungdomen tek over». Men planane om førtidspensjonering tok slutt då klarinettisten Richard Mühlfeld (1856–1907) kryssa vegen hans. «Den beste blåsemusikaren eg har møtt, innanfor alle kategoriar», var Brahms dom, og ei ny kunstnarleg åre sprengde seg opp i dagen.

Det sjukleg-svake og sjølvmedlidande høyrer me i fyrste satsen *allegro*, men i den tredje, *andantino* – *presto non assai*, *ma con sentimento*, er det noko vidt og lyst som møter oss, som landskapet kring Bad Ischl sør for Salzburg, der kvintetten blei til sommaren 1891.

SJUR HAGA BRINGELAND

Sjur Haga Bringeland er muskar og fast musikkmeldar for Dag og Tid

Standardinnspelinga:

Den dunkle djupna

Den beste innspelinga av Griegs *Fire salmer* får fram dei folkemusikalske røtene til verket.



EDVARD GRIEG:

Choir Music

DET NORSKE SOLISTKOR, DIR.:

GRETE PEDERSEN. BIS 2007

«Harmonianes rike har alltid vore mi draumverd, og forholdet mellom min eigen harmoniske følemåte og den norske folketonen har vore eit mysterium for meg. Eg har oppdaga at den dunkle djupna til folkemelodiane våre kjem av rikdomen deira på uante harmoniske moglegheitene.» Dette skreiv Edvard Grieg (1843–1907) i 1899. Ikkje noko anna verk viser dette klårare for meg enn *Fire salmer*, op. 74, verket som skulle bli Griegs siste. Til grunn ligg dei norske, religiøse folkesongane *I Himmelen*, *Jesus Kristus er opfaren*, *Guds Søn har gjort meg fri* og *Hvad est du dog skjøn*. «Dei er så skjønne desse melodiane, at dei fortener å bli tekne vare på i kunstnarleg bunad», skriv han i dagboka året før han døydde.

FRAMOVER

Griegs siste korsongar er særskilde, for han ser seg ikkje til-



Grete Pedersen, dirigenten for Det Norske Solistkor, omgjeven av koristane sine. I år fyller ho femti. Foto: C.F. Wesenberg

bake og skriv i ein arkaisk og «evig» stil, slik til dømes Bach og Mozart gjorde det. (Dei døydde begge på bisneleg vis *under* komposisjonen av sitt siste opus.) Grieg tek eit skritt han aldri har gjort tydelegare tidlegare: Han avsluttar skapargjeringa si med å sjå inn i framtida og skapar eit uttrykk som er mellom dei mest særmerkte i seinromantikens kyrkjemusikk. «Den dunkle djupna til folkemelodiane våre» er kjelda han ausar or.

GRIEG I SUM

Grete Pedersen, dirigenten for

Det Norske Solistkor, fyller femti år denne månaden. Ho gav meg den mest oppheva augneblinken eg har opplevd med kormusikk då ho i Domkirken i Bergen for to år sidan framførte *Jesus Kristus er opfaren*. I tolkinga hennar let ho songarane smykka stemmene sine med folkemusikalske ornament, dei små «krullane» på tonen me kjenner frå den norske folkesongen. Det dobbelte ankerfestene syner Grieg i sum – det eine grunna i den europeiske kunstmusikken, det andre i den norske folkemusikktradisjonen.

Fredsfesten

GEORG FRIEDRICH HÄNDEL, WILLIAM CROFT:

Music for the Peace of Utrecht

THE NETHERLANDS BACH SOCIETY,
DIR.: JOS VAN VELDHOVEN, CHAN-
NEL CLASSICS 2010



Då Freden i Utrecht blei slutta i 1713, innebar dette enden på ein krig som hadde herja i nær to hundre år. Den nederlandske byen hadde då hysa representantar frå ei rekkje nasjonar i halvtanna år – desse var med på å bestemma ein avgjerande del av framtida for Europa. Slikt måtte sjølvsgatt feirast, med eit kosteleg fyrverkeri til festleg musikk.

To av komponistane som

skreiv musikk til fredsfesten er med på denne CD-en, der Jos van Veldhoven dirigerer The Netherlands Bach Society. Den fyrste er

Georg Friedrich Händel (1685–1750) med sitt *Utrecht Te Deum* og *Utrecht Jubilate*. Tydeleg er det at han her freistar å finna ei god blanding av den tradisjonelle engelske stilen og sin eigen, italienskprega stil – han sikta seg nemleg inn mot ei karriere i London. Allereie i dei enkle, homofone opningsakkordane til *Utrecht Te Deum*, som på engelsk maner straks går over i ein fjørløtt fuge, syner kvalitetane ved Veldhovens ensemble: Dei er presise, har fine, dynamiske nyansar og får fram det trans-



Freden i Utrecht frå 1713 i spansk og engelsk fyrsteutgåve.

parente i orkesterteksturen.

Den andre som fekk komposisjonsoppdrag i samband med Utrecht-freden var William Croft (1678–1727). Hans *Ode for the Peace of Utrecht* (her for fyrste gong på CD) kling unektelig «før-händelsk», med ein sjarmerande enkel, litt kortpusta melodikk. Etter ein monaleg ouverture stig bassen Peter Harvey opp or kuttrøyken med arien *With Noise of Cannons*. Croft er ikkje mykje kjend utanfor England, men han er ein god komponist.